



Arkivnr: 2018/13117-1

Saksbehandlar: Karl Viken/Pål Kleive/Ingvar Skeie

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		30.08.2018

### Rekneskapsrapport pr. juni 2018

#### Samandrag

I samsvar med rapporteringsrutinane legg fylkesrådmannen fram rapport om rekneskapsutviklinga etter 1. halvår 2018. Prognosene er eit negativt budsjettavvik i 2018 for HFK på 30 mill. kr. Prognosene skil seg lite frå rapport for 1.tertial som vart handsama i fylkestinget i juni. Det vart då rekna med eit negativt resultat på 40 mill. kr.

Fylkesrådmannen har framleis særleg merksemd mot sektorane Opplæring, Samferdsel og Tannhelse. Av desse sektorane er det samferdselsektoren, og då vegvedlikehaldet, som blinkar seg ut i høve til årsprognosene. Samferdselsektoren har ein negativ prognose på 34 mill. kr der kollektivtransporten ligg an til eit resultat lik balanse medan meirforbruket på 34 mill. kr gjeld vegvedlikehaldet. I tillegg har det gått fleire ras som ikkje er irekna i dette talet, så kostnadsoverskridninga kan auka. Både opplæring og tannhelse melder balanse ved årets slutt. Dei andre avdelingane har prognosar nær balanse i rekneskapen ved utgangen av året.

Det er i hovudsak god kontroll på dei fleste budsjettområda. Det vert arbeidd med tiltak på dei områda og med dei einingane som ligg an til budsjettoverskridinger. Eit årsresultat lik prognosene pr. juni, vil ikkje medverke til naudsynt betring i den økonomiske stillinga til fylkeskommunen. Difor vil innarbeidning av varig kostnadsreduserande tiltak vere heilt naudsynt i arbeidet med budsjettet for 2019.

**Økonomi:** Ingen effekt. Det vert ikkje gjort framlegg om endringar i høve til vedteke budsjett.

**Klima:** Ingen effekt

**Folkehelse:** Ingen effekt

**Regional planstrategi:** Ingen verknader

#### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. juni 2018 til orientering.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
konst. fylkesrådmann

Nils Vetlesand  
konst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 17.08.2018

Rapporteringsrutinane inneber at ein i tillegg til tertialrapportane til fylkestinga i juni og oktober, for høvesvis 1. og 2. tertial, skal rapportera til fylkesutvalet ved utgangen av månadane februar, juni og oktober. Fylkesrådmannen legg med dette fram rekneskapsrapporten pr. juni 2018.

Det vedlagde tabelloversynet, som viser rekneskapen etter 1. halvår, gjev ein peikepinn på utviklinga. Ved jamt forbruk gjennom året skal omlag 50% av budsjettet vere brukt ved halvårsskiftet. I hovudsak samsvarar rekneskapstala pr. juni med dette. På nokre område kan det variere noko kva tid på året store inntekts- og utgiftspostar vert ført. Eit døme er statlege tilskot til kulturtiltak og tiltak innanfor regional utvikling som kan kome inn i rekneskapen på andre tidspunkt enn tidspunktet midlane vert fordelt. I desse tilfella vil det følgjeleg oppstå mellombelse tekniske avvik mellom rekneskap og budsjett.

Fylkesrådmannen vil også resten av 2018 ha stram økonomistyring i organisasjonen for å halde budsjetttrammene. Målet er positiv drift i flest mogleg delar av fylkesøkonomien i 2018, og eit økonomisk resultat som betrar ein økonomisk krevjande situasjon. Dei to store sektorane opplæring og samferdsel er særsviktige for det samla resultatet. Etter rapporteringa for fyrste halvår ligg opplæring an til eit resultat i balanse mellom budsjett og rekneskap, medan samferdsel ser ut til å få eit negativt resultat på 34 mill. kr. I tillegg har det gått fleire ras på fylkesvegane som ikkje er erekna i dette talet, så kostnadsoverskrivinga kan auka. Fylkesrådmannen vil koma nærmare attende til dette i rapporten til fylkestinget etter 2. tertial.

I 1. tertialrapport til fylkestinget i juni rapporterte fylkesrådmannen ein prognose for 2018 på 40 mill. kr i negativt budsjettavvik for fylkeskommunen totalt. For dei fleste budsjettområda er denne prognosen uendra, men noko betring i prognosane m.a. for opplæring og rentekapittelet, gjer at den samla prognosen er betra med 10 mill. kr; til 30 mill. kr i negativt budsjettavvik ved avslutninga av rekneskapen i 2018.

Fylkesrådmannen vil understreke at det framleis vert arbeidd med å løye fylkestinget sitt vedtak om effektivisering på 15 mill. kr. Prognosene om budsjettavvik på 30 mill. kr føreset at effektiviseringa er gjennomført. Fylkesrådmannen kjem attende til dette i tertialrapporten etter 2. tertial til fylkestinget i oktober.

Sjølv om det ut frå prognosene ser ut til å gå mot eit negativt budsjettavvik, ligg det ikkje an til underskot i rekneskapen for 2018. I budsjettet er det sett av midlar til finansiering av investeringar som kan strykast dersom det skulle verte naudsynt.

Under følgjer ein kort gjennomgang av dei ulike sektorane og områda. Ein gjennomgang av driftsøkonomien, investeringar og eventuell trøng for budsjettjusteringar vil fylkesrådmannen kome attende til i 2. tertialrapportering pr. august som vert handsama i fylkestinget i oktober.

### Status for dei ulike driftsområda

#### Sektorar utan større budsjettavvik pr. juni

Innanfor Regional utvikling og Kultur og idrett er det etter 1. halvår liten risiko for større avvik i høve til budsjettet. Ut frå forbruk pr. juni, og samanlikna med forbruk tidligare år, ser det ikkje ut til å gå mot overskridingar på desse områda i 2018.

#### Politiske organ og administrasjon

Samla sett er det god kontroll på budsjetta som gjeld for politiske organ, fylkesrådmannen og økonomi- og organisasjonsavdelinga. Fylkesrådmannen arbeider som nemnt med å tilpasse budsjetta til fylkestinget sitt vedtak om effektivisering på 15 mill. kr.

#### Eigedom

Årsprognosene for 2018 syner mindreforbruk på 4 mill. kr. i høve til budsjettet. Det positive avviket skuldast optimalisering av reinhaldsressursar, lågare forsikringskostnader og mindre vedlikehaldskostnader ved fylkeshuset.

### Samferdsel

I 1. tertialrapport for 2018 var prognosene for året eit negativt budsjettavvik på 34 mill. kr. Denne prognosene gjeld også etter 1. halvår. Kollektivtransport har ein samla årsprognose lik balanse ved årets slutt. For vegvedlikehaldet har Statens vegvesen meldt inn ein årsprognose som tilseier eit meirforbruk på 34 mill. kr. Meirforbruket heng saman med strengare vinter enn det som har vore normalt, og det igjen har ført til meir brøyting og anna arbeid enn det som ligg inne i vedlikehaldskontraktane. I tillegg har det gått fleire ras på fylkesvegane som ikkje er irekna i prognosene ovanfor, så kostnadsoverskrivinga kan auka. Regionvegsjefen vil utarbeide oversyn over desse ekstrakostnandane og fylkesrådmannen kjem med nærmere gjennomgang av prognosene for vegvedlikehaldet i tertialrapporten til fylkestinget i oktober.

Innanfor samferdselssektoren er det positivt at det framleis er vekst i talet på reisande og at inntektene er høgare enn førre år. Fylkesrådmannen er likevel oppteken av å setje inn tiltak mot reisande som ikkje betalar; også kalla inntektssikring, sidan denne delen av dei reisande er på eit nivå som gjev inntektstap for fylkeskommunen.

Innanfor kollektivtransporten er det elles usikkert kva utslag ny sonestruktur har på billettinntektene og korleis utviklinga i oljeprisen vil slå ut på kontraktane i kollektivsektoren.

### Opplæring

Prognosene for opplæringssektoren samla er eit årsresultat lik balanse i rekneskapen for 2018.

For skulebudsjetta samla ser det ut til å gå mot ei budsjettoverskriving på 13 mill. kr når bruk av tidligare års overskot er teke høgde for. Det er ulike årsaker på kvar skule til eventuelle budsjettavvik. Overforbruket på skulane vert kompensert for ved at opplæringsavdelinga ligg an til eit mindreforbruk på 13 mill. kr. Det er fleire risikomoment som kan slå ut i budsjettavvik, og blant dei viktigaste er lærlingar, fagprøvar, gjesteelevar og kostnadar ved ny budsjettmodell.

Fylkesrådmannen følger utviklinga innan opplæringssektoren med stor merksemeld og er nøgd med utviklinga så langt i 2018. Avdelinga er viktig for totaløkonomien, og det er dermed avgjerande å ha kontroll med økonomien i opplæringssektoren. For å sikre framleis positiv utvikling er det viktig å halde fram med eit sterkt økonomifokus.

### Tannhelse

For tannhelsesekturen er tala langt betre enn på tilsvarende tidspunkt i 2017. I fjar hadde tannhelse ein årsprognose på 10 mill. kr i negativt budsjettavvik. Prognosene no er at tannhelse vil oppnå balanse i 2018. Hovudgrunnar til at ein oppnår dette er eit sterkare fokus på økonomi, og oppsing av lønnsavtalar (bonus- og provisjonsavtalar) som har redusert kostnadsnivået samanlikna med tidlegare.

Det er positivt at dei aller fleste klinikkkane melder eit forbruk som er tett opp til det budsjettet dei er tildelt. Det er merksemeld mot utviklinga i pasientinntektene, og fylkesrådmannen vil vurdere tiltak dersom desse går for mykje ned. Dersom ein ser på tannhelsedistrikta samla så er desse i økonomisk balanse. TKVest/Hordaland er framleis den eininga som har størst økonomiske utfordringar. Trass i budsjettstyrkingar dei siste åra ligg senteret framleis an til underskot i 2018. Dette kan gjere at prognosene om balanse for sektoren totalt sett kan vere optimistisk.

### Skatt og rammetilskot

Pr. juni syner førebelse tal at skatteinngangen har eit negativt budsjettavvik, og det er ei negativ utvikling sidan førre rapportering pr. april. Med same utvikling vidare gjennom året vil det verte eit negativt budsjettavvik på skattekapittelet.

I revidert nasjonalbudsjett for 2018, som Stortinget handsama i juni, er overslaget for skatteinntektene for fylkeskommunane samla sett ned med 110 mill. kr. Om det skulle slå til, vil det seie at Hordaland fylkeskommune får om lag 10 mill. kr lågare skatteinngang. Det er framleis uvisse knytt til skatteoverslaget ettersom det også er mange økonomiske signal for 2018 som kan gje positive utslag. Med den negative

utviklinga dei siste månadane og det reduserte skatteanslaget frå sentralt hald, legg fylkesrådmannen til grunn ein årsprognose på 10 mill. kr i negativt budsjettavvik.

#### Renter og avdrag

Det har vore ein viss auke i marknadsrentene i fyrste halvdel av 2018, men dette ligg innanfor det ein har rekna med i budsjettet på utgiftssida. I revidert nasjonalbudsjett varsler regjeringa at satsen for rentekompensasjon innanfor opplærings- og samferdselssektoren vert sett opp frå 1 % til 1,5 %. Dette vil gje ei meirinntekt for Hordaland fylkeskommune på om lag 9,5 mill. kr. Etter dette er det utsikter til at netto renter vil vise innsparing på opp mot 15 mill. kr.

#### Konsesjonskraftinntekter

Det er budsjettet med netto inntekt på 55 mill. kr frå sal av konsesjonskraft i 2018. Marknadsprisen på kraft har auka, men framleis er det ikkje haldepunkt for å gjere særlig endring i prognosene på -12 mill. kr som vart sett ved tertialrapportering pr. april. Årsprognosene vert betra med 2 mill. kr til eit negativt budsjettavvik på 10 mill. kr i 2018. Fylkesrådmannen vil gå nærmare inn på årsprognosene ved rapportering pr. 2. tertial.

#### Fellesfunksjonar

KLP har i april lagt fram ny prognose for pensjonskostnadene i 2018. Den nye prognosene er nær 4 mill. kr lågare enn den som kom i september 2017, og som budsjettet byggjer på.

#### Oppsummering

Alle einingar og budsjettområde oppsummert gjev ein årsprognose for 2018 lik eit meirforbruk på 30 mill. kr; som vist i tabellen nedanfor. Etter 1. tertial var den samla prognosene eit underskot på 40 mill. kr.

**Tabell med status pr. 30. juni 2018 etter funksjonsgruppe (tal i heile tusen)**

Avdelingar	Rekneskap juni 2018	Årsbudsjett	Forbruk i % av årsbud	Prognose budsj.avvik	Prognose pr. 1. tertial	Rekneskap juni 2017
<b>Pol., kont, fylk.rådm.</b>						
Kostnader:	40 462	61 688	65,6 %			42 067
Inntekter:	-2 519	-3 038	82,9 %			-2 993
<b>Netto</b>	<b>37 944</b>	<b>58 650</b>	<b>64,7 %</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>39 075</b>
<b>Eigedom</b>						
Kostnader:	152 805	323 295	47,3 %			126 789
Inntekter:	-46 289	-46 794	98,9 %			-34 129
<b>Netto</b>	<b>106 516</b>	<b>276 501</b>	<b>38,5 %</b>	<b>4 000</b>	<b>4 000</b>	<b>92 660</b>
<b>Øk- og orgavd.</b>						
Kostnader:	91 877	198 812	46,2 %			77 916
Inntekter:	-10 132	-12 850	78,9 %			-7 761
<b>Netto</b>	<b>81 745</b>	<b>185 962</b>	<b>44,0 %</b>	<b>1 000</b>	<b>0</b>	<b>70 155</b>
<b>Regional utvikling</b>						
Kostnader:	84 275	204 725	41,2 %			159 114
Inntekter:	-62 256	-104 950	59,3 %			-90 761
<b>Netto</b>	<b>22 019</b>	<b>99 775</b>	<b>22,1 %</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>68 353</b>
<b>Samferdsel</b>						
Kostnader:	1 667 526	3 322 053	50,2 %			1 530 911
Inntekter:	-783 238	-1 346 820	58,2 %			-696 417
<b>Netto</b>	<b>884 288</b>	<b>1 975 233</b>	<b>44,8 %</b>	<b>-34 000</b>	<b>-34 000</b>	<b>834 493</b>

<b>Kultur og idrett</b>						
Kostnader:	164 976	461 503	35,7 %		218 768	
Inntekter:	-97 192	-247 827	39,2 %		-25 500	
<b>Netto</b>	<b>67 784</b>	<b>213 676</b>	<b>31,7 %</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>193 267</b>
<b>Tannhelse</b>						
Kostnader:	153 770	294 326	52,2 %		159 946	
Inntekter:	-70 500	-85 790	82,2 %		-55 991	
<b>Netto</b>	<b>83 270</b>	<b>208 536</b>	<b>39,9 %</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>103 954</b>
<b>Opplæring</b>						
Kostnader:	1 352 439	2 982 366	45,3 %		1 282 552	
Inntekter:	-281 595	-380 048	74,1 %		-186 234	
<b>Netto</b>	<b>1 070 844</b>	<b>2 602 318</b>	<b>41,1 %</b>	<b>0</b>	<b>-5 000</b>	<b>1 096 318</b>
<b>Skatt og rammetilskot</b>						
Inntekter:	-3 507 756	-6 477 415	54,2 %		-3 460 511	
<b>Netto</b>	<b>-3 507 756</b>	<b>-6 477 415</b>	<b>54,2 %</b>	<b>-10 000</b>	<b>-10 000</b>	<b>-3 460 511</b>
<b>Renter og avdrag</b>						
Kostnader:	387 364	809 400	47,9 %		81 473	
Inntekter:	-60 400	-31 900	189,3 %		-16 479	
<b>Netto</b>	<b>326 964</b>	<b>777 500</b>	<b>42,1 %</b>	<b>15 000</b>	<b>10 000</b>	<b>64 994</b>
<b>Kraftinntekter</b>						
Kostnader:	26 239	50 000	52,5 %		25 158	
Inntekter:	-60 153	-126 500	47,6 %		-68 218	
<b>Netto</b>	<b>-33 913</b>	<b>-76 500</b>	<b>44,3 %</b>	<b>-10 000</b>	<b>-12 000</b>	<b>-43 060</b>
<b>Andre postar</b>						
Kostnader:	31 643	162 495	19,5 %		37 755	
Inntekter:	-94 020	-6 750	1392,9 %		-107 078	
<b>Netto</b>	<b>-62 377</b>	<b>155 745</b>	<b>-40,1 %</b>	<b>4 000</b>	<b>7 000</b>	<b>-69 323</b>
<b>NETTO HFK TOTALT</b>	<b>-922 673</b>	<b>-20</b>		<b>-30 000</b>	<b>-40 000</b>	<b>-1 009 624</b>

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2018**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. juni 2018 til orientering.